

HELSE VEST RHF  
Postboks 303  
4066 STAVANGERDato: 24.01.2019  
Vår ref.: 2018/16480-41  
Saksbehandlar: marsolh  
Dykkar ref.:

Att. Schaefer, Charlotta Elisabeth

## Ad: Svar frå Helse Vest - oppklåring oppnemning til brukarutval

Det vert vist til vårt brev av 07.12.2018 og svar den 17.12.2018 frå Helse Vest ved Charlotta Elisabeth Schaefer.

I svaret går det fram at når Pensjonistforbundet prioriteres, så har det "sin bakgrunn i de drøftinger og vurderinger som arbeidsgruppen gjorde i 2016."

På møte i Fylkeseldrerådet i Hordaland den 17. januar i år blei svaret frå Helse Vest handsama under sak PS 8/2019. Det blei gjort følgjande vedtak: "Fylkeseldrerådet ber Helse Vest om ei utgreiing av kva drøftingar og vurderingar arbeidsgruppa gjorde i 2016."

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjent med at alle dei regionale helseføretaka har same reglar for kven som skal spørjast om å føreslå kandidatar til medlem av brukarutvala i helseføretaka, og at reglane vart endra samstundes.

Det er derfor også interessant for fylkeseldrerådet å få informasjon om kven som tok initiativet til denne arbeidsgruppa, kven som sette ned arbeidsgruppa, og kven som var representert i arbeidsgruppa.

Fylkeseldrerådet

Gunda Falao Sparre, nestleiar i Fylkeseldrerådet  
For Kåre Ystanes, leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*